



Planomtale
Kommunedelplan Treungen sentrum
2014-2025

Plan-id 2014005

Stadfesta av kommunestyret, jf. sak 010/15, 05.03.2015

1. Innleiing

1.1 Forslagsstillar

Nissedal kommune er forslagsstillar. Kartgrunnlaget er og utarbeidd av kommunen.

1.2 Bakgrunn

Kommunestyret vedtok 24.01.13 kommunal planstrategi 2013-15 (sak 001/13). Her blei det slått fast at arbeidet med revidering av kommunedelplanen for Treungen sentrum skulle starte opp i 2013. Kommunestyret vedtok 20.06.2013 planprogrammet for denne kommunedelplanrevisjonen.

I planprogrammet blei det sett opp mål for planarbeidet:

Mål og styringssignal for planarbeidet – arealdelen

Kommunal planstrategi la opp til ein moderat revisjon av kommuneplanen med dei fem tilhøyrande kommunedelplanane. For kommunedelplanen *Treungen sentrum* la planprogrammet opp til, forutan ei ajourføring av eksisterande arealbruk, at fylgjande tema skulle takast opp til ny vurdering:

Plankartet:

- Område for konsentrert utbygging for bustader og næring
- Nødvendige arealføremålsendringar i samband med tidlegare sak vedkomande Fleirbrukshuset
- Kjende fornminne
- Restriksjonssoner og bandlagt areal (til dømes fareområde og verneområde)
- Byggegrense mot vassdrag

Planføresegnene:

- Utvidingsareal for eksisterande hytter
- Universell utforming og tilgjenge for alle befolkningsgrupper
- Heimel til tilkoplingsplikt for eksisterande fritidsbustader, jf. pbl §30-6

1.3 Medverknad

Medverknad i planprosessen gir eigarskap til planen. Det er ein føresetnad for lojalitet til- og gjennomføring av han.

Sidan revisjonen av kommunedelplanane blir haldne i parallelle løp med revisjonen av kommuneplanen, samfunnsdel og arealdel, vil medverknaden i prosessen fylgje denne. Det kan ikkje peikast på at tema nett for denne planen har hatt særskild fokus. Det blir difor vist til tilsvarande punkt i planomtalen for kommuneplanen.

2 Planinnhald

Forutan at det var gjort nødvendige endringar i arealføremåla som fylgje av makeskifte av areal i samband med utbygginga av Fleirbrukshuset, og ei mindre justering av byggeområde for heilårsbustader i Grova, var eksisterande og framtidig arealbruk i gjeldande plan vidareført i fyrste høyringsutkast. Etter formannskapsbehandlingane i november 2013 og i oktober 2014 er det lagt inn tre nye byggeområde; to næringsområde ved Evja og eitt kombinert område for bustad/forretning/kontor langs Skålestronda, som ei fortsetjing av byggeområda i sentrumsområdet. Utfyllingsgrensa i Nisser for prosjektet Nisser Brygge er også utvida. Utfyllinga vil derimot ikkje bli meir omfattande, men den ytre avgrensinga er betre tilpassa dei konkrete utbyggingsplanane som her ligg føre.

Plankartet ser også noko annleis ut som fylgje av ny plan- og bygningslov.

Resultatet av temavurderingane som er varsla i planprogrammet, er summert i punkta nedanfor.

Alle detaljplanar (regulerings- og utbyggingsplanar) skal gjelde framom kommunedelplanen.

Tilknytingsplikt til vatn- og avløp, heimla i kommunedelplanen, jf. pbl. § 30-6, skal likevel gjelde framom desse.

2.1 Område for konsentrert utbygging for bustader og næring

Gjeldande kommunedelplan har tre område utlagt som framtidige byggeområde for heilårsbustader. Det er Grova, Steinufsknatten og under Brekkune. Område med godkjent reguleringsplan der det framleis er fleire ledige tomter er nordre del av Kåsa-Solli, Tveitsund bustadfelt (Osmyr) og Damkollen i Treungen sør. Det har ikkje kome innspel frå private på nye område for bustadbygging forutan ei mindre utviding av området ved Grova. Bu- og næringsutvalet såg heller ikkje andre område som aktuelle i denne omgangen. I høyringsrunden etter 1.gongs høyring kom det derimot inn innspel på byggområde langs fv358, frå Tveitsund gard langs Skålestronda og eit område på Øyna. Det fyrste området er lagt inn i planen med kombinasjonsføremål bustad/forretning/kontor. Vegvesenet har tidlegare signalisert at det vil bli kravd g/s-veg langs fylkesvegen før ei eventuell bustadbygging her kan finne stad.

Det framtidige byggeområdet for fritidsbustader ved Sagbrukstomta er utvida noko i høve til gjeldande plan. Utvidinga går ut på utfylling lengre ut i Nisser. Utfyllingsomfanget blir derimot ikkje auka, men det får ei endra avgrensing.

Areal avsett til næring (forretning, industri, camping, utleiehytter) er vidareført. Det har ikkje kome innspel på bruk av nytt areal til byggeområde for næring frå private. Når det gjeld areal til næringsetablering, er slikt areal avsett på Sundsmoen. Bu- og næringsutvalet peika på at det kunne vere aktuelt å utvide dette området. Seinare avklaringar synte at dette bør kome etter at areal som alt er regulert til føremålet, men ikkje teken i bruk, eller bare er i passiv bruk, er blitt (betre) utnytta. Ved formannskapsbehandlinga blei det likevel gjort to mindre utvidingar av dette arealføremålet utan at dei blei konsekvensutgreidd. Fylkesmannen la ned motsegn mot plangodkjenning utan konsekvensutgreiing for desse to områda. Utgreiingane er difor nå på plass også for desse felta.

Næring i denne samanheng er næring utanom landbruket.

Konsekvensvurderingane som er gjort for dei føreslegne endringane, er samla i avsnitt 3 - *Konsekvensutgreiing* - i denne planomtalen.

2.2 Nødvendige arealføremålsendringar i samband med tidlegare sak vedkomande Fleirbrukshuset

I samband med utbygginga av Fleirbrukshuset blei det nødvendig med arealbytte mellom kommunen og naboar. Makeskifta er nå formalisert ved avtalar. Føresetnaden er at skifteareala blir omregulert til føremål den ein skilde avtalepart ser som naturleg, dvs for kommunen, byggeområde, offentleg føremål, og for grunneigarane av 33/10 og 33/230, LNFR-område. Både at endringane er å sjå på som ei ajourføring til dagens situasjon, og fordi omfanget er avgrensa, er endringane sett på til ikkje å utløyse krav om konsekvensutgreiing.

2.3 Kjende fornminne

Kommuneplankartet er bare supplert med omsynssoner H730 for større areal med fornminne. For denne kommunedelplanen er kartfestinga meir uttømmande og gjeld omsynssonene H570_1 til H570_12 og H730_1 til H730_6. Det vil bli laga eit eige temakart som vil vise ei kartfesting av alle kjente lokalitetar, med id-nr og koordinatar.

2.4 Restriksjonssoner og bandlagt areal (til dømes fareområde og verneområde)

Her er det ikkje føreslått endring.

2.5 Byggjegrænse mot vassdrag

I gjeldande kommunedelplan er det ei generell byggjegrænse mot vassdrag på 50 meter. Mot Nisser er grænsa 100 meter. I begge tilfella der offentleg veg deler byggjeforbodssona, blir denne redusert til

arealet mellom vatn/vassdrag og veg. Ved denne planrevisjonen tilrådde rådmannen å vidareføre desse byggjegransene. Formannskapet ønskja derimot at den generelle 50-metersgrensa og skulle gjelde rundt Nisser. Dette blei særleg grunngeve med at Kviteseid kommune har 50 metersgrense for Nisser. Ei slik grense er nå vedtatt i kommuneplanen. Det er naturleg å fylgje opp med eit tilsvarande vedtak for denne planen.

2.6 Planføresegnene

- Utvidingsareal for eksisterande hytter

Gjeldande kommuneplan har ei føresegn om at eksisterande fritidsbustader i byggeområde kan utvidast til maksimalt 120 m² bruksareal (T-BRA), jf. føresegn 1.4 5.ledd. Denne føresegna har i praksis vist seg å vere for generell. Særleg vil ei slik utviding av fritidsbustader nær vatn/vassdrag kunne gje uheldige utslag. Føresegna er difor splitta i to, der fyrste del er som i gjeldande plan, men der utvidingar av fritidsbustader i byggeområde innom dei særskilde omsynssonene langs vatn/vassdrag er avgrensa til maksimalt 75 m² BRA. Utviding skal her i tillegg skje bort frå vatnet. Definisjonen av storleiksgrensa for uthus/bod/garasje i tilknytning til fritidsbustad, 30 m² BTA, har synt seg upraktisk. Denne er endra til 30 m² BRA.

- Universell utforming og tilgjenge for alle befolkningsgrupper

Dette punktet er innarbeidd i føresegn nr 3 *Utarbeiding av reguleringsplan* med denne ordlyden; *Alle reguleringsplanar skal innehalde konsekvensutgreiing for personar med nedsett funksjonsevne.* Reguleringsplanen må difor avklare kva tiltak som skal ha universell utforming. Kommunen kan setje strengare krav til slik utforming enn kva lova krev.

- Heimel til tilkoplingsplikt for eksisterande fritidsbustader, jf. pbl §30-6

Denne heimelen er på plass ved at det i føresegn 1.4 er ført inn eit nytt ledd med dette innhaldet.

3 Konsekvensutgreiing

I konsekvensutgreiinga blir planens verknader for miljø og samfunn, jf. pbl. § 4-2 vurdert. Det vil seie at det skal gjerast ei slik vurdering for endringar i arealbruken i høve til denne i gjeldande plan.

Endringane i arealbruken er vurdert i høve til naturgitt og menneskeskapt risiko, miljø (naturverdiar, INON, forureining/støy, energibruk, og landskapstilpassing), friluftsliv, kulturminne, landbruk, vilt, vassdragsnærleik, universell utforming og born- og unges interesser. Endringa er vurdert opp mot kva status området har i gjeldande plan.

I samband med det fyrste vurderingstemaet, naturgitt og menneskeskapt risiko, er det utarbeidd ei risiko og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) for arealbruksendringane. Denne analysen omfattar i tillegg til dei nye arealforslaga også dei framtidige byggeområda som alt ligg i planen, men som ikkje er detaljplanlagt (fem område). Dette er i samsvar med innspel frå samfunnsavdelinga hjå fylkesmannen. ROS-analysen bygger m.a. på innhenta opplysingar frå NVEs nettstader for flaumkart, steinsprang og snøskred, og frå lokal kraftprodusent/leverandør. ROS-analysen for byggeområde i kommunedelplanen for Treungen sentrum ligg som vedlegg til denne planomtalen.

For vurdering av tema miljø (naturverdiar/INON/energibruk/forureining og støy/landskap) er det både ved planrulleringa i 2007 og nå utarbeidd rapport om biologisk mangfald. Registreringa er supplert for dei to felta ved Evja og for feltet ved Skålestronda. Rapportane har derimot ikkje vurdert feltet ved Grova (nå utviding) fordi dette blei sett på som einsarta kultivert mark. Området er sjekka mot det offisielle INON-kartet over inngrepsfri natur, registrerte naturtypar i Nissedal (Edwardsen 2004), Naturbasen og Artsdatabanken (MDir). Områda er vidare vurdert opp mot støykjelder som skytebanar og trafikk, og mot moglege tilkopling til eksisterande infrastruktur for vatn og avløp.

Kulturminne er sjekka mot det sentrale registeret Askeladden.

Kommunens temakart for vilt er nytta. Dette er sist oppdatert av Faun naturforvaltning i 2012.

Vurderinga er og gjort etter supplerande opplysingar frå lokal viltkunnskap, m.a. fugleregistreringane av Anders Hals.


Vurderingane i høve til friluftslivet er gjort lokalt, basert på observasjonar i /opplysingar frå nærmiljøet.

Landbrukskontoret har tidlegare vurdert områda i høve til jordvern.

I tillegg er det gjort vurderingar i høve til nærleik til vassdrag, til universell utforming, til verknaden for born og unges oppvekstmiljø og til eventuelt andre samfunnsmessige konsekvensar av endringane. Notatet frå born og unges talsperson ligg som vedlegg til denne planomtalen.

3.1 Konsekvensvurdering av det nye byggeområdet for heilårsbustad (pbl. § 11-7 andre ledd nr. 1)

Grova, utviding mot sør 13 dekar, (totalt byggeområde her 22 dekar).




Tema	Merknad/grad av konflikt
Naturgitt risiko (ras/flaum/radon etc)	Ingen, for radon sjå kommunedelplanens føresegn nr 3 6.ledd, og byggforskrifta (TEK) §13-5.
Menneskeskapt risiko (Infrastruktur, tidlegare bruk, ulovleg bruk)	Ingen
Miljø (Naturverdiar/INON, forureining/støy, energibruk, estetikk og landskapstilpassing)	Lite potensiale for biologisk mangfald. Ingen raudlisteart. Inga konflikt med INON. Inga forureining/ støykjelde i nærleiken. Enkel tilkopling til kommunalt v/a-nett. Alternativ energi; ved, jordvarme. Terrengbakgrunn for god landskapstilpassing.
Særleg vurdering etter Naturmangfaldlova §§ 8-12	Tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag. "Føre-var" inga aktuell problemstilling. Lita belastning, miljøforsvarleg gjennomføring.
Friluftsliv	Nært eksisterande bumiljø, skule og barnehage. Neppe endra bruk ved utbygging
Kulturminne og kulturlandskap	Ingen kjent konflikt. Endeleg avklaring ved detaljregulering.
Landbruk – jordvern	Dyrka mark, ikkje maskinjord, for bratt, vil gro/gror igjen
Vilt	Inga registrering i viltkartet.
Vassdrag og vassdragsnære område	Ingen konflikt
Universell utforming	Utfordrande å tilpasse utover lovkrava (uteområde m.m.)
Verknad for born og unges oppvekstmiljø	Liten bruk av området i dag. Meir tilrettelegging kan gje positivt bidrag for målgruppa. Positivt med eit utvida bumiljø nær skule/ barnehage, fleirbrukshus
Status i gjeldande kommunedelplan	LNF

Konklusjon: Området blir lagt inn som utvida framtidig byggeområde for heilårsbustader. Det blir i planføresegnene sett vilkår om nærare undersøking av naturkvaliteten ugjødsla beitemark som grunnlag for ei eventuell reguleringsplangodkjenning.

3.2 Konsekvensvurdering av det nye byggeområdet for heilårsbustad/forretning/kontor (pbl. § 11-7 andre ledd nr. 1)

Skålestronda, 36 dekar, av dette 16 dekar til slutt lagt ut som byggeområde.




Tema	Merknad/grad av konflikt
Naturgitt risiko (ras/flaum/radon etc)	Ligg i utslagsområde både for snøskred og steinsprang. Ingen registrerte hendingar. Vegetasjonsvern vil vere nødvendig. For radon sjå kommunedelplanens føresegn nr 3 6.ledd, og byggforskrifta (TEK) §13-5.
Menneskeskapt risiko (Infrastruktur, tidlegare bruk, ulovleg bruk)	Ingen
Miljø (Naturverdiar/INON, forureining/støy, energibruk, estetikk og landskapstilpassing)	Lite potensiale for biologisk mangfald. Ingen raudlisteart. Inga konflikt med INON. Inga forureining/ støykjelde i nærleiken. Enkel tilkopling til kommunalt v/a-nett. Alternativ energi; ved, jordvarme. Terrengbakgrunn for god landskapstilpassing.
Særleg vurdering etter Naturmangfaldlova §§ 8-12	Tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag. "Føre-var" inga aktuell problemstilling. Lita belastning, miljøforsvarleg gjennomføring.
Friluftsliv	Nært eksisterande bumiljø og senterstruktur. Neppe endra bruk ved utbygging.
Kulturminne og kulturlandskap	Ingen kjent konflikt. Endeleg avklaring ved detaljregulering.
Landbruk – jordvern	Varierende skogbonitet, nedre del høg bonitet
Vilt	Inga registrering i viltkartet.
Vassdrag og vassdragsnære område	Ingen konflikt
Universell utforming	Utfordrande å tilpasse utover lovkrava (uteområde m.m.)
Verknad for born og unges oppvekstmiljø	Liten bruk av området i dag. Meir tilrettelegging kan gje positivt bidrag for målgruppa. Positivt med eit utvida bumiljø sentrumsnært.
Status i gjeldande kommunedelplan	LNF

Konklusjon: Halve området, det mot vest blir lagt inn som framtidig byggeområde for heilårsbustader/forretning/kontor.

3.3 Byggeområde for konsentrert bygging av fritidsbustad (pbl. § 11-7 andre ledd nr. 1)

Sagbrukstomta, Nisser brygge (utviding av utfyllingsgrensa i Nisser med 41 dekar)




Tema	Merknad/grad av konflikt
Naturgitt risiko (ras/flaum/radon etc)	Byggeklausul for flaumfare: Over kote 247,7. For radon sjå kommunedelplanens føresegn nr 3 6.ledd, og byggforskrifta (TEK) §13-5.
Menneskeskapt risiko (Infrastruktur, tidlegare bruk, ulovleg bruk)	Det må ved detaljplanlegging stillast krav til geotekniske undersøkingar (byggegrunn, tidlegare og planlagte utfyllingar) og til miljøtekniske undersøking av eventuell forureina grunn (tidlegare industriområde, avfall m.m.)
Miljø (Naturverdiar/INON, forureining/støy, energibruk, estetikk og landskapstilpassing)	Lite potensiale for biologisk mangfald. Ingen raudlisteart. Inga konflikt med INON. Usikker forureiningssituasjon. Støykjelder i nærleiken er industriverksemd på Sundsmoen. Enkel tilkopling til kommunalt v/a-nett. Alternativ energi; ved, jordvarme. Terrenngbakgrunn for god landskapstilpassing.
Særleg vurdering etter Naturmangfaldlova §§ 8-12	Tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag. "Føre-var" inga aktuell problemstilling. Lita belastning, miljøforsvarleg gjennomføring.
Friluftsliv	Arealet ligg i dag brakk, og treng betydeleg grunninvestering om det skal kunne takast i bruk i samband med friluftsliv. Utbygging kan difor auke denne bruken
Kulturminne og kulturlandskap	Ingen kjent konflikt. Det er gjennomført marinarkeologisk undersøking utan at det er gjort funn av freda kulturminne.
Landbruk – jordvern	Det er ikkje dyrka eller dyrkbar jord her.
Vilt	Inga registrering i viltkartet.
Vassdrag og vassdragsnære område	Ingen konflikt, jf. at arealet alt er eit byggeområde der naturverdiane i sitt opphavlege miljø er borte.
Universell utforming	Lett å tilpasse også utover lovkrava (uteområde m.m.)
Verknad for born og unges oppvekstmiljø	Ingen bruk av området i dag. Delvis avsperra grunna fare. Meir tilrettelegging kan gje positivt bidrag for målgruppa.
Status i gjeldande kommunedelplan	Byggeområde industri- framtidig byggeområde fritidsbustader – friluftsområde sjø.

Konklusjon: Området blir lagt inn som utvida framtidig byggeområde for fritidsbustader.

3.4 Byggeområde for næringsbygg (pbl. § 11-7 andre ledd nr. 1)


Evja vest, 22 dekar



Tema	Merknad/grad av konflikt
Naturgitt risiko (ras/flaum/radon etc)	Ingen, for radon sjå kommunedelplanens føresegn nr 3 6.ledd, og byggforskrifta (TEK) §13-5.
Menneskeskapt risiko (Infrastruktur, tidlegare bruk, ulovleg bruk)	Ingen
Miljø (Naturverdiar/INON, forureining/støy, energibruk, estetikk og landskapstilpassing)	Lite potensiale for biologisk mangfald. Ingen raudlisteart. Inga konflikt med INON. Inga forureining. Støykjelde i nærleiken frå etablert industri på Sundsmoen. Enkel tilkopling til kommunalt v/a-nett. Alternativ energi; ved, jordvarme. Terrengbakgrunn for god landskapstilpassing.
Særleg vurdering etter Naturmangfaldlova §§ 8-12	Tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag. "Føre-var" inga aktuell problemstilling. Lita belastning, miljøforsvarleg gjennomføring.
Friluftsliv	Neppe endra bruk ved utbygging. Arealet ligg på andre sida av badeplassen og aktivitetsområdet i Evja.
Kulturminne og kulturlandskap	Ingen kjent konflikt. Endeleg avklaring ved detaljregulering.
Landbruk – jordvern	Ikkje dyrkbar mark, skog av låg bonitet
Vilt	Inga registrering i viltkartet.
Vassdrag og vassdragsnære område	Ligg ned mot Evja, ingen registrert brukarkonflikt
Universell utforming	Kan tilpassast utover lovkrava (uteområde m.m.)
Verknad for born og unges oppvekstmiljø	Liten bruk av området i dag. Ikkje naturleg å utvikle dette med tanke på denne målgruppa, jf naboskap til industriområdet Sundsmoen
Status i gjeldande kommunedelplan	LNF

Konklusjon: Området blir lagt inn som framtidig byggeområde for næring.

Odden nord for Evja, 27 dekar



Tema	Merknad/grad av konflikt
Naturgitt risiko (ras/flaum/radon etc)	Ligg i utslagsområde for snøskred. Ingen registrerte hendingar. Vegetasjonsvern vil vere nødvendig. For radon sjå kommunedelplanens føresegn nr 3 6.ledd, og byggforskrifta (TEK) §13-5.
Menneskeskapt risiko (Infrastruktur, tidlegare bruk, ulovleg bruk)	Ingen
Miljø (Naturverdiar/INON, forureining/støy, energibruk, estetikk og landskapstilpassing)	Lite potensiale for biologisk mangfald. Ingen raudlisteart. Inga konflikt med INON. Inga forureining/ støykjelde i nærleiken. Enkel tilkopling til kommunalt v/a-nett. Alternativ energi; ved, jordvarme. Terrengbakgrunn for god landskapstilpassing.
Særleg vurdering etter Naturmangfaldlova §§ 8-12	Tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag. "Føre-var" inga aktuell problemstilling. Lita belastning, miljøforsvarleg gjennomføring.
Friluftsliv	Badeplassar, noko i bruk i dag. Neppe endra bruk ved utbygging.
Kulturminne og kulturlandskap	Ingen kjent konflikt. Endeleg avklaring ved detaljregulering.
Landbruk – jordvern	Ikkje dyrka mark, skog av låg bonitet.
Vilt	Inga registrering i viltkartet.
Vassdrag og vassdragsnære område	Ligg ned mot Nisser. Eit visst potensiale for brukarkonflikt (bading), men dette kan motvirkast ved meir opparbeiding.
Universell utforming	Kan tilpassast utover lovkrava (uteområde m.m.)
Verknad for born og unges oppvekstmiljø	Liten bruk av området i dag. Meir tilrettelegging kan gje positivt bidrag for målgruppa (badeplass).
Status i gjeldande kommunedelplan	LNF

Konklusjon: Området blir lagt inn som framtidig byggeområde for næring. Det blir i planføresegnene sett vilkår om nærare undersøking av myr- og våtmarksområda som grunnlag for ei eventuell reguleringsplangodkjenning.

3.5 Byggeområde for kyrkjegard (pbl. § 11-7 andre ledd nr. 1)

Etter innspel frå Nissedal kyrkjelege fellesråd er det lagt inn ei mindre endring av området avsett til framtidig utviding av kyrkjegarden med tilhøyrande parkeringsplass ved Treungen kyrkje. Endringa blir sett på som så avgrensa at dette ikkje utløyser noka konsekvensutgreiing.

3.6 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 11-7 andre ledd nr. 2)

Det er ikkje lagt inn noko ny flate i plankartet for dette temaet. Høgspenlinene gjennom planområdet har straumføring 22 kV. På delar av desse strekningane ligg lina i bakken. Det er ikkje lagt inn omsynssone med tanke på magnetisk stråling. Byggegrensa her vil difor vere regulert av generell sikringsavstand mot overslag.

Omlegging av fv358 ved Treungen kyrkje er lagt som juridisk line. Tiltaket er ikkje konsekvensutgreidd då det synest å vere ei openberr forbetring om omlegginga elles let seg finansiere.

3.7 Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift (pbl. § 11-7 andre ledd nr. 5)

Det er ikkje gjort endringar her som skulle tilseie konsekvensvurdering av tiltaket.

3.8 Andre vurderingar

I Nissedal er det ei målsetting å konsentrere fritidsbustader i dei større utbyggingsområda i kommunen; Kyrkjebygdheia, Gautefallheia og Felle. Innføring av lovheimel som gir kommunen rett til å forlange eksisterande fritidsbustader tilkopla felles vatn- og avløpsnett, jf pbl §30-6, vil ha særleg betydning for å kunne fortette eldre byggeområdet. Tilkoplingsplikt vil truleg utløyse slike planar. Ei slik utvikling blir sett på som positiv både ut frå eit arealdisponerings- miljø- og sysselsettingsperspektiv. I kommunedelplanområdet for Treungen Sentrum vil dette særleg kunne bli aktuelt for hyttefeltet på Eriksneset.